

«mottakernavn»
«adresse»
«postnr» «poststed»

«kontakt»

Dato	25.02.2025
Vår referanse	2023/79082-20
Dykkar referanse	«ref»
Sakshandsamar	Åge Avedal
E-post	Age.Avedal@vlfk.no
Telefon	97072734

Fritidserklæringa – alle barn og unge skal kunne delta i fritidsaktivitetar

Hausten 2024 vart Fritidserklæringa Vestland signert av 13 offentlege og frivillige organisasjonar. Vestland er med dette det første fylket med ei regional fritidserklæring. Vi oppmodar no kommunane i Vestland om å løfte barn og unge si deltaking i fritidsaktivitetar, og å utvikle lokale fritidserklæringar i samarbeid med frivilligheita.

Dette brevet er sendt til kommunane sine postmottak. Vi ber om at det blir sendt vidare til kommunestyret, medlemmer i ungdomsråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne, i tillegg til frivilligsentralar, administrativ leing og tilsette innan fritid, kultur, folkehelse, integrering m.m.

Fritidserklæringa

«Alle barn og unge skal kunne delta jamleg i minst ein organisert fritidsaktivitet i lag med andre.» Det er visjonen i [Fritidserklæringa Vestland](#). Gjennom erklæringa vil vi særleg jobbe i lag om inkludering av barn og unge med minoritetsbakgrunn og nedsett funksjonsevne.

Fritidserklæringa byggjer på barnekonvensjonen til FN, artikkel 31, som seier at barn har rett til kvile, fritid og leik, og til å ta del i kunst og kulturliv. Regjeringa signerte den første [nasjonale fritidserklæringa](#) i 2016 og på ny i 2022, og har oppmoda både kommunar og fylke om å lage eigne fritidserklæringar. Ei rekkje offentlege og frivillige nasjonale organisjonar står bak erklæringa.

Verktøy og tilskotsordningar

Frivillighet Norge har utvikla ulike verktøy for auka deltaking, mellom anna [retteleiar for auka deltaking i frivilligheita](#), som er tilpassa mange ulike målgrupper. Frivillighet Norge har også ansvar for dei nasjonale rekrutteringsportalane [frivillig.no](#) og [ungfritid.no](#).

Vestland er [fylket med fleste registrerte støtteordningar for barn og unge](#). Du finn oversikt over desse på [sida med støtteordningar for deltaking i fritidsaktivitetar](#). Har kommunen ordningar til barn og unge som ikkje er lagt inn på denne sida, så kan de enkelt registrere desse.

Kommunane kan saman med ungdomsråda også søkje om midlar til [lokale transportiltak for ungdom](#).

Lokale fritidserklæringar

I Vestland har tre kommunar utvikla lokale fritidserklæringar så langt. Du finn meir informasjon om erklæringane i lenkene under:

- [Fritidserklæringa til Kinn kommune](#)
- [Fritidserklæringa til Kvam herad](#)
- [Fritidserklæringa til Voss herad](#)

[ALLEMED](#) har utvikla [mal for lokal fritidserklæring](#) som kan brukast av kommunar. ALLEMED er den nasjonale dugnaden for at alle barn og unge kan delta i fritidsaktivitetar. Kommunar og frivillige organisasjonar kan registrere seg på nettsidene til ALLEMED for å få tilgang til verktøy som kan brukast i arbeidet med auka deltaking og inkludering.

Dei 13 partane som står bak [Fritidserklæringa Vestland](#) oppmodar kommunane i Vestland om å utvikle lokale fritidserklæringar, slik at fleire barn og unge kan delta og medverke i fritidsaktivitetar!

Beste helsing

Vestland fylkeskommune, KS Vestland, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland ungdomsutval, Vestland Musikkråd, Vestland Idrettskrets, Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland, Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane, Vestland Innvandrerråd, Vaksenopplæringsforbundet Vestland, Vestland Frivilligsentralar, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) Vestland, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) Sørvest og Nordvest



Per Morten Ekerhovd
direktør
kultur og folkehelse (KFO)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste

Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Postboks 54	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	August Gunnarskogsgt. 1	6993	HØYANGER
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Hatland	5282	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Solund kommune	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Ulvik kommune	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	DALEKVAM
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN